



Merete Elin Knutsen
Skarsvegen 842
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7858 - 23/6708

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
25.01.2023

Varsel om synfaring - gbnr 150/3

Tiltak: Etablering av fylling
Byggjestad: Gbnr: 150/3 Skarsvegen 844
Tiltakshavar: Merete Elin Knutsen

Viser til telefonsamtale med Trond Langenes og sender som avtalt varsel om at vi vil synfare eiendom gbnr. 150/3, Skarsvegen 844.

Synfaringa vil bli gjennomført torsdag den 16.02.2023, klokken 14:00.

Kvifor vil kommunen synfare eiendomen?

Synfaringa gjennomførast på bakgrunn av ei melding om mogleg ulovleg tilhøve kommunen mottok 24.10.2022. Meldinga gjekk ut på utfylling av området mellom fylkesveg 5476 og kommunal veg. Fyllinga skapar utfordringar knytt til handtering av overvatn. Det er også etablert ein avkørsel frå kommunal veg som vi ikkje kan sjå er omsøkt.

Vi ba deg sende inn ein utgreiing om forholdet i eit brev datert 12.12.2022. Vi mottok denne 15.01.2023.

Kva skjer under ein synfaring?

På synfaringa vil vi stadfeste dei faktiske forhold på eiendomen. Vi gjer oppmerksom på at det ikkje vil bli konkludert noko om saka under synfaringa.

Vi ønskjer at de deltar på synfaringa. Oppmøte er derimot ikkje obligatorisk, og synfaringa vil bli gjennomført sjølv om du ikkje møter.

Regelverk for tilsyn og synfaring

Kommunen har plikt til å forfølge ulovlege forhold, jf. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunens rett til å synfare bygg og eigedommar er heimla i plan- og bygningslov § 31-7.

Har du spørsmål om synfaringa?

Dersom noko er uklart, eller du har ytterlegare spørsmål, kan du ta kontakt direkte med saksbehandlar på e-post eller telefon 462 99 440.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Merete Elin Knutsen

Skarsvegen 842

5912 Seim